

# Eksamen

21.05.2019

LBR3001 Plante- og husdyrproduksjon

**Programområde:** Landbruk

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	<p>Oppgåva har eitt separat vedlegg.</p> <p>Ser du vedlegget på skjerm, så høgreklikk og roter med klokka for å snu arket.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Det blir lagt vekt på i kor stor grad du har nådd måla i læreplanen, og korleis du bruker faglege kunnskapar og ferdigheiter.</p> <p>Dette betyr at i vurderinga av svaret ditt blir det lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- trekkjer inn kunnskap du har tileigna deg i faget</li><li>- bruker sentrale omgrep i faget</li><li>- unngår rein reproduksjon av kunnskapar</li><li>- unngår rein avskrift frå kjelder</li><li>- presiserer kva som ligg i omgrepa der du finn det nødvendig</li><li>- trekkjer linjer og ser samanhengar</li><li>- er kritisk til stoffet og gjer rimelege avgrensingar</li><li>- drøfter eller vurderer dei forskjellige momenta du trekkjer inn i svaret</li><li>- har breidde og perspektiv over svaret ditt</li><li>- er ryddig og strukturert, så det er lett å følgje resonnementa dine</li></ul>

## Oppgave 1

Situasjonsbeskriving:

Ein storfeprodusent driv med 40 ammekyr og full framføring. Dyra er frå 87 % til 100% rein Simmentaler. Det er eigen gardsokse, men det siste året har det vore brukt om lag 58 % semin. Garden er på 300 daa dyrka mark og 100 daa beite rundt garden. Om sommaren går dyra på utmarksbeite.

Sjå vedlegg 1: Årsrapport frå Storfekjøttkontrollen.

**Du skal gå gjennom årsrapporten for besetninga og skrive ein rapport til bonden.**

Rapporten skal innehalde svar på kulepunkta under:

- Ta for deg ein ting produsenten er god på. Kva for faktorar i drifta er viktig for å ha gode resultat på dette?
- Ta for deg ein ting produsenten ikkje er så god på. Kva slags grep i drifta må produsenten ta for å bli betre på dette?
- Sjå på rapporten for slakteresultat i besetninga. Dette er generelt bra resultat. Beskriv kvifor dei er bra. Denne produsenten har valt å slakte alle unge oksar i mai og juni. Kvifor, trur du?
- Kva er ein seminokse, og korleis finn ein fram til seminoksar i kjøttfeavlen? Kvifor trur du bonden har så stor del insemineringar?

## Oppgave 2

Etter at vekstsesongen 2018 blei svært prega av tørke, førte det til at Håvard Høystakk måtte kjøpe inn ein god del fôr på vårparten 2019. Han bestemte seg derfor for å lage ein plan for vekstsesongen 2019.

Håvard sitt driftsopplegg:

- 20 mjølkekyr
- Oppføring av alle oksar
- 400 dekar dyrka mark
  - 150 dekar eng
    - 50 dekar 1. års eng
    - 50 dekar 2. års eng (mykje raudkløver)
    - 50 dekar 3. års eng
- Resten av arealet er haustpløgd (250 dekar)
  - 80 dekar er tørkesvak planeringsjord
  - 25 dekar er dårleg drenert

I driftsopplegget sitt brukar Håvard om lag 100 000 FEm av surfor/gras pr. år.

Han har ein kraftforprosent på 35, noko han vil prøve å redusere.

Dessutan planlegg han med ein grovforreserve på 8000 FEm.

Han ønskjer å utnytte at han har mykje kløver i 2.-årsenga.

**Oppgåva er:**

**Lag ditt eige forslag til plan for vekstsesongen, avgrensa til gras/surfor/grønfor/beite.**

Planen skal innehalde desse punkta ( gjerne fleire):

- Kva slags areal har kva slags vekstar
- Haustetidspunkt (bladstadie)
- Forventa avling pr. dekar for dei ulike grasavlingane
- Tal på slåttar
- Gjødsling av grasareal: tidspunkt, bruk av husdyrgjødsel og mineralgjødsel etc.
- Ønska og forventa fôr kvalitet i forhold til husdyrproduksjonen på garden.

Gi fagleg grunn for kvart av desse punkta!

Set dei føresetnadane du meiner må til for å kunne gjennomføre ditt opplegg.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	<p>Oppgaven har ett separat vedlegg.</p> <p>Ser du vedlegget på skjerm, så høyreklikk og roter med klokken for å snu arket.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Det blir lagt vekt i hvilken grad du har nådd målene i læreplanen, og hvordan du anvender faglige kunnskaper og ferdigheter.</p> <p>Dette betyr at i vurderingen av besvarelsen blir det lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- trekker inn kunnskap du har tilegnet deg i faget</li><li>- bruker sentrale begreper i faget</li><li>- unngår ren reproduksjon av kunnskaper</li><li>- unngår ren avskrift fra kilder</li><li>- presiserer hva som ligger i begrepene der du finner det nødvendig</li><li>- trekker linjer og ser sammenhenger</li><li>- forholder deg kritisk til stoffet og gjør rimelige avgrensninger</li><li>- drøfter eller vurderer de forskjellige momentene du trekker inn i besvarelsen</li><li>- har bredde og perspektiv over besvarelsen din</li><li>- er ryddig og strukturert, så det er lett å følge resonnementene dine</li></ul>

## Oppgave 1

Situasjonsbeskrivelse:

En storfeprodusent driver med 40 ammekyr og full framfôring. Dyra er fra 87 % til 100% ren Simmentaler. Det er egen gårdsokse, men det siste året har det vært brukt ca. 58 % semin. Gården er på 300 daa dyrket mark og 100 daa beite rundt garden. Om sommeren går dyra på utmarksbeite.

Se vedlegg 1: Årsrapport fra Storfekjøttkontrollen.

**Du skal gå gjennom årsrapporten for besetningen og skrive en rapport til bonden.**

Rapporten skal inneholde svar på kulepunktene under:

- Ta for deg en ting produsenten er god på. Hvilke faktorer i drifta er viktig for å ha gode resultater på dette?
- Ta for deg en ting produsenten ikke er så god på. Hvilke grep i drifta må produsenten ta for å bli bedre på dette?
- Se på rapporten for slakteresultater i besetningen. Dette er generelt bra resultater. Beskriv hvorfor de er bra. Denne produsenten har valgt å slakte alle unge okser i mai og juni. Hvorfor, tror du?
- Hva er en seminokse og hvordan finner man fram til seminokser i kjøttfeavl? Hvorfor tror du bonden har så stor andel insemineringer?

## Oppgave 2

Etter at vekstsesongen 2018 ble svært preget av tørke, førte det til at Håvard Høystakk måtte kjøpe inn en god del fôr på vårparten 2019. Han bestemte seg derfor for å lage en plan for vekstsesongen 2019.

Håvards driftsopplegg:

- 20 melkekyr
- Oppfôring av alle okser
- 400 dekar dyrket mark
  - 150 dekar eng
    - 50 dekar 1. års eng
    - 50 dekar 2. års eng (mye rødkløver)
    - 50 dekar 3. års eng
- Resten av arealet er høstpløyd (250 dekar)
  - 80 dekar er tørkesvak planeringsjord
  - 25 dekar er dårlig drenert

I sitt driftsopplegg bruker Håvard om lag 100 000 FEm av surfor/gras pr. år.

Han har en kraftforprosent på 35, noe han vil prøve å redusere.

Dessuten planlegger han med en grovforreserve på 8000 FEm.

Han ønsker å utnytte at han har mye kløver i 2.-årsenga.

**Oppgaven er:**

**Lag ditt eget forslag til plan for vekstsesongen, begrenset til gras/surfor/grønnfor/beite.**

Planen skal inneholde disse punktene ( gjerne flere):

- Hvilke arealer har hvilke vekster
- Høstetidspunkt (bladstadiet)
- Forventet avling pr. dekar for de ulike grasavlingene
- Antall slåtter
- Gjødning av grasareal: tidspunkt, bruk av husdyrgjødsel og mineralgjødning etc.
- Ønsket og forventet fôr kvalitet i forhold til husdyrproduksjonen på gården.

Begrunn faglig hvert av disse punktene!

Sett de forutsetningene du mener må til for å kunne gjennomføre ditt opplegg.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)